



Stendal Vvs As
Thorleif Stendal
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1294 - 22/9839

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
16.12.2022

Løyve til tiltak og utsleppsløyve for gråvatn og løyve til tilknytning til kommunalt vatn på gbnr 158/28 - Lerøyna

Administrativt vedtak. Saknr: 140/22

Vi syner til søknad motteke 14.12.2022 .

Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til etablering av slamavskiljar og vassleidning og gjeve utsleppsløyve for gråvatn i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova § 11 samt forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5.

Det vert gjeve løyve til tilkobling til kommunalt vatn via privat vassledning som omsøkt.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld etablering av avløp og utslepp til terreng via slamavskiljar med filtergrøft frå gråvatn.

Det er søkt om tilkobling til kommunalt vatn via privat eksisterande vassleidning. Kommunen finn at det kommunale leidningsnettlet på staden er dimensjonert for tilkoblinga.

Det vert sett vilkår om at vassledininga vert frostfri og stoppekran ved privat tilkoplingspunkt. Det er eit krav at slamavskiljar med filtergrøft for gråvatn er på plass før vatn kan førast inn i hytte.



Kommunen legg til grunn at ansvarlege firma som vist i søknad gjer arbeidet som vist i gjennomføringsplan datert den 14.12.2022.

Erklæring om ansvarsrett etter plan- og bygningsloven (pbl) § 23-3 må ettersendast frå Haugen Maskinstasjon AS før arbeidet vert sett i gang.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre negative merknader i samband med nabovarslinga.

Nabo på adresse Søre Lerøyna 18 har samtykt til tilkobling til privat vassledning for gbnr. 158/28 i e-post slik:

Bekrefter at ok at du knytter deg til tilkoblingspunkt på vår tomt.

Forutsetter:

1. Rask opprydding (snarest) til slik det så ut før graving
2. Vi har ingen ansvar for evt frostskafer eller andre problemer knyttet til rør som ligger i bakken fram til tilknytningspunktet. Ifl min far ligger dette vesentlig grunnere enn dagens krav.

Med vennlig hilsen
Irene Fett

Nabo på adresse Søre Lerøyna 26 har samtykt til legging av privat vassledning for gbnr. 158/28 i e-post slik:

From: Magnus Inge Strømsnes
Sent: Sun, 17 Jul 2022 12:05:31 +0000
To: Ståle Austrheim
Subject: Re: FW: Legge inn kommunalt vann

Ståle Austrheim har tillatelse til å grave grøft for å få på plass vannledning med kommunalt vann fram til sin hytte over min eiendom Lerøy, slik som avtalt.

Vennlig hilsen
Magnus Strømsnes


Retten til etablering av vassledning på gbnr. 158/2 og gbnr. 158/5 og tilkoblinga til gbnr. 158/5 sin vassleidning må tinglysast. Dette bør gjerast før arbeidet kan setjast i gong. Dette fordi nye eigarar seinare kan seia at denne avtalen er ugyldig eller ikkje gjeld lenger. Seinare generasjonar skal vita dette og ta omsyn til slike avtalar.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Ta omsyn til eksisterande grøfter og anna infrastruktur i beite og innmarksområdet. Tilbakefør beitene og innmarka på ein fagleg god måte der vassleidninga skal etablerast.



Vedlagt kart viser plassering av slamavskiljar, filtergrøft og trase for vassleidning

Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt etablering av slamavskiljar og filtergrøft og gjeve utsleppsløyve som omsøkt. Det vert gjeve løyve til etablering av omsøkt vassledning som vist på kart og tilkobling til kommunalt vatn for eigedom gbnr. 158/28 på gbnr. 158/5.

Erklæring om ansvarsrett etter plan- og bygningsloven (pbl) § 23-3 må ettersendast frå Haugen Maskinstasjon AS før arbeidet vert sett i gang.

Retten til etablering av vassledning på gbnr. 158/2 og gbnr. 158/5 og tilkoblinga til gbnr. 158/5 må tinglysast.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Anlegget og ledningane si plassering på skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve. Forskrift om innmåling, dokumentasjon og utlevering av geografisk informasjon om ledninger og annen infrastruktur i grunnen, sjø og vassdrag (ledningsregistreringsforskriften) skal følgjast. *Hjemmel: Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 18. desember 2020 med hjemmel i lov 27 juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 2-3. Endret ved forskrift 2 des 2021 nr. 3336*

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik. Frostfrie anlegg for vassledning er eit krav.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

Mottakere:

Standal Vvs As

Blombakken 1

5911

ALVERSUND